



Saksframlegg

Søknad om støtte til debutalbum

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		

Endeleg vedtaksrett i saka har OKO utvalet

Dokument i saka:

Søknad av 09.08.25
Musikals CV
Budsjett
Prosjektbeskrivelse

Bakgrunn for saka:

Eirik Aas Levang (32 år) er oppvaksen i Fyresdal. Han har heile livet drive med song og musikk, og har no eit ynskje om å satse, og vil gje ut eit debutalbum. Visar til vedlagte musikalske CV, men kan her nemne at han kom til landsfinalen i UKM, kom vidare frå auditionrunde i Idol, vore aktiv på NTNU scena, framfører eigenkomponert musikk live i radioprogram, og har erfaring som soloartist.

Han har eit budsjett på kr 193.000,- , som tar høgde for 8 låtar på eit album. Det er sendt diverse søknadar om hjelp til finansiering. To av låtane er allereie gjeve ut;

Fleir enn ein
Eg veit ingenting

Eirik søker Fyresdal kommune om kr 10.000,- til satsinga.

Albumet vil etter planen bli gitt ut fyrste halvdel av 2026, og vil innehalde eigenskrevne låtar på Førdsdalsdialekt. Albumet skal presentere Eirik som låtskrivar og formidlar. Reisa frå oppveksten i Fyresdal til livet som ung vaksen i Oslo står sentralt .

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillige i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; I Fyresdal skal det vere mogleg å gjere draumen levande.

Det er krevjande for ein privatperson å gje ut eit album, kostnad om lag kr 200.000,-. Ved lansering av låta «Eg veit ingenting» var mellom anna oppvekst og betydninga av kulturskule i Fyresdal sentrale tema i intervju og pressemeldingar. Eirik skriv og på dialekt. Sjølv om Eirik ikkje bur i Fyresdal no, vil denne formidlinga skape positiv omtale av Fyresdal.

Konklusjon:

Det er ynskjeleg å stø denne utgjevinga som vil kunne vere med på å gjere draumen levande for ein som har hatt oppveksten i Fyresdal. I tillegg vil den positive omtale av Fyresdal, samt bruk av Førstdalsdialekta gje ein positiv omdømmebygging.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune stør søknad frå Eirik Aas Levang om økonomisk stønad til utgjeving av debutalbum med kr 10.000,-

Løyving frå OKO sin disponible pott 1 113 370 385

Restsum i disponibel pott blir då kr 12 500,-.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Hilde Martini Momrak
	avdelingsleiar kultur